

Innspel budsjett 2026 – frå anonym

Innspel til budsjett høyringa

Det er svært positivt at mange engasjerer seg i budsjettprosessen – dette viser at folk bryr seg om Hareid kommune. Samstundes ønskjer eg å kome med ei oppmoding til alle som sender innspel: Hald diskusjonen sakleg, og gjer dykk kjent med fakta før de kjem med sterke påstandar eller krav.

Det er heilt legitimt å vere kritisk til forslag om eigedomsskatt, endringar i skulestruktur eller kutt i tenester. Slike reaksjonar er naturlege når kommunen står i ei krevjande økonomisk tid. Men når innspela først og fremst består av opne spørsmål, sterke anklagar eller utrop i affekt, blir det vanskelegare å bruke dei til noko konkret i det vidare arbeidet.

Om ein ønskjer å påverke, er det langt meir verdifullt å kome med forslag til løysingar – ikkje berre uttrykke kva ein ikkje ønskjer. For kvar krone vi brukar, må noko anna prioriterast bort. Difor er det viktig at vi også spør: Kva vil vi faktisk kutte? Kor skal pengane kome frå?

Det er også viktig å minne om at når vi seier at «kommunen har rota oss inn på ROBES», så er ikkje kommunen eit eige vesen. Kommunen – det er oss alle. Vi som innbyggjarar har valt kven som skal representere oss. Vi har som samfunn pressa på for å behalde tenester, bygg, drift og ordningar som er dyre å halde ved lag. Vi vil ikkje ha vindmøller. Vi vil ikkje ha meir oppdrett. Vi vil ikkje legge ned eller omstrukturere skular. Kort sagt: Vi vil ikkje ha endringar.

Men når vi seier nei til alt, samtidig som vi vil ha alt som før – då blir konsekvensen ofte nettopp ei økonomi som ikkje går rundt. Difor må vi dele ansvaret, akkurat som vi må dele løysingane.

Engasjementet i Hareid er ei styrke. La oss bruke det konstruktivt:

- Hald ein god tone.
- Sett dykk inn i sakene.
- Kom med forslag til løysingar, ikkje berre protestar.

Til slutt: Det er ikkje vi mot dei. Vi er alle Hareid kommune, og berre saman kan vi snu utviklinga.